



Tor-Erik Vaksdal
Breivikstølen 5 B
5179 GODVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1600 - 19/20550

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
10.10.2019

Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - opprydding av ulovleg lagring av gjenstandar - GBNR. 19/30

Administrativt vedtak. Saksnr. 230/2019

Saksutgreiing

Me visar til førehandsvarsel om pålegg om opprydding av 01.08.2019, med frist for opprydding **31.08.2019**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding til kommunen om at dette er gjort. Meland kommune har ikkje motteke skiftleg tilbakemelding frå deg med opplysningar om at dette er gjort.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Det dreiar seg om fleire omstende i dette tilhøve; reell forureining , fare for forureining i framtida, visuell forureining og forsøpling .

Det er registrert ulovleg lagring av fleire løsoegjenstandar (ei rusten oljetønne, eit batteri, diverse plastsekker med ukjend innhold, diverse skuffar og klesplagg m.m.) på eigedomen din, gnr. 19, bnr. 30. Den ulovlege oppbevaringa er i strid med forureiningslova § 28, første ledd, «(I)ngen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmende eller være til skade eller ulempe for miljøet».

Det er forureinar sitt ansvar å sørgja for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande. Grunnboka visar at det er du som er eigar av eigedomen, og kommunen rettar difor pålegget til deg.

Føresegna i forureiningslova. § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forureining.

Det følgjer av forureiningslova § 7 først ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forureining» utan at det er gjeve løyve til det. Ein kvar gjenstand i metall som blir hensatt, vil før eller sidan rusta opp, og miljøskadelege stoffer vil bli tilført grunnen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oppbevaringa av gjenstandane er nok til at dei er rein miljøforureining i dag og vil vera ein fare for forureining ein gong i framtida dersom dei blir liggjande lenge.

Føresegna i forurensingslova § 28 seier at alle har ei plikt til å unngå forsøpling.

Den som har brote forsøplingsforbudet i forureiningslova, plikter av eige tiltak å sørgja for opprydding, jfr. lovas § 28 siste ledd, «*Den som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding*». Meland kommune har etter forureiningslova § 37 mynde til å gje pålegg til den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, om å fjerne dette avfallet.

Dersom kommunen innan **1.11.2019** ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletedokumentasjon frå deg med opplysningar om at dei gjenstandane det er snakk om er blitt fjerna eller flytta, vil vedtaket tre i kraft.

Vedtak

Varsel om pålegg

Med heimel i forureiningslova § 37 første ledd gjev Meland kommune deg pålegg om opprydding av det ulovlege tilhøvet. Frist for opprydding er satt til 01.11.2019. Meland kommune skal underrettast skriftleg når arbeidet er utført.

Varsel om tvangsmulkt:

Med heimel i forureininglova § 73 gjev Meland kommune med dette varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor NOK 10 000,- dersom området ikkje vert rydda omgåande, og kommunen ikkje har motteke biletedokumentasjon på dette innan 01.11.2019.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulka kan inndravast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Andre opplysningar

Den som unnnlatar å treffa tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. forureiningslova §§ 78 og 79.

Tilbakemelding

Når rydding er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnera det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

- E-post postmottak@meland.kommune.no
- Brev Meland kommune, postboks 79, 5906 Frekhaug.

Dersom du har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med saksbehandlar på telefon 5617 1000 eller på epost.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tor-Erik Vaksdal

Breivikstølen 5 B 5179

GODVIK